

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

Ib. EIGARINNSKRIFTER ELLES

[804] N-37425. (Tidlegare omtala: Hagland 1988b: 22 (note); 1990b: 11, [42]; 1994c: 258, 264.)

Innskrifta står på ein kam av reinsdyrhorn. Kammen er bevart i to brotstykke, til saman 174 mm lange, 38-43 mm breie og med 13 mm som tjukkaste mål. Funnet vart gjort i 1976, felt FE, i hovudfase 4, som arkeologisk kan tidfestast til andre halvdel av 1000-talet.

Det er runer på den eine, smalaste breienden av tinderekkja. Innskrifta er 15 mm lang og runene frå 9 til 12 mm høge. Dei er tydeleg rissa og godt bevarte, så det fester seg ingen tvil ved lese måten på noko punkt av innskrifta. R. 3 og 5, **r**, har ei karakteristisk form med open vid boge og kvist som går frå nedkant av bogen og til grunnlina parallelt med staven:

Y I R I R 1

k i r i r a

Geirríðr á 'Geirrid eig'

Det kan likevel vera noko usikkert korleis innskrifta skal oppfattast reint språkleg. Det synest å vera ei eigarinnskrift med eit personnamn og 3. pers. pres. sg. av verbet *eiga* slik det er vanleg å finna det i formelen *nn á - `nn eig'*. I dette tilfellet må eigarforholdet gjelda sjølve gjenstanden innskrifta står på, altså kammen. Liknade har vi truleg i N774 frå Søndre gate i Trondheim. Spørsmålet her er i tilfelle kva namn det kan dreia seg om. Den tolkinga som synest mest sannsynleg, og som det er gjort framlegg om her, er at sekvensen **kirir** står for kvinnenamnet *Geirríðr*. Skrivemåten vil i så fall innebera at vi har å gjera med ei nokså gammal innskrift, noko elles både sjølve gjenstanden og den arkeologiske funnkonteksten synest å kunna underbyggja. I norske og vesterhavsnorske vikingtidsinnskrifter er det såleis ikkje uvanleg å markera diftongen /ei/ med **i** (jf. Sanness Johnsen 1968: 45ff). Skrivemåten **kirir** vil, i fall det er det nemnde kvinnenamnet vi har å gjera med, og ha markert ein assimilasjon /ðr/ > /r/. Slik markering finst i innskrifter som er så gamle at dei skil mellom **r** og **R**, dvs. mellom dental og palatal /r/. Døme på dette finn vi i **asikriR** for *á Sigríðr* i

Oseberginnskrifta (N138) som vil vera dømme på ei eigarinnskrift av liknande slag som den vi ser ut til å ha å gjera med her. Innskrifta på denne kammen frå Trondheim har same rteikn både i posisjon for **r** og **R**. Det fonologiske skiljet som distribusjon mellom desse to teikna bygde på, vart oppheva i nordisk mot slutten av vikingtida, etter alt å dømme noko seinare i austnordisk enn i vestnordisk (jf. Seip 1955: 53). Jamvel om vi ikkje har andre norske innskrifter utan markert /ð/ før /r/ etter samanfallet av **r** og **R**, kan det vel vera mogleg å sjå innskrifta her som ein parallell til den typen vi har i N138 (**sikriR**). I den samanheng bør det også kunna peikast på at det finst parallellar i svenske 1000-tals innskrifter med sekvensen **ir** for nammeleddet *-ríðr* (jf. **uifir** for *Vifriðr*, Vg 18). Det skulle kunna vera argument for å tidfesta denne innskrifta frå Trondheim til ein gong på 1000-talet, noko som elles høver framifrå godt med dei ytre omstende elles kring funnet og gjenstanden. Den arkeologisk konteksten tilseier som vi ser andre halvdel av 1000-talet. Også sjølve kamtypen talar for ei liknande datering. Ved ein inkurie har ikkje denne kammen vorte med i den arkeologiske rapporten om kammakeriet i Trondheim (Flodin 1989). Men Axel Christophersen har granska kammen og reknar han som type E2 etter den klassifikasjonen kammane frå gravingane i Folkebibliotekstomta elles har fått. Christophersens samla vurdering av dateringsspørsmålet etter kontekst og type konkluderer i dette tilfellet med at kammen kan vera tilverka kring midten av 1000-talet og vera kommen i jorda ein gong i andre halvdel av hundreåret (pers. komm.).

Sekvensen **kirir** i innskrifta her kunne elles ikkje fullt så vel oppfattast som namnet *Gyríðr*, jamvel om vi også har belegg for at **i** kan markera runda vokal /y/. Men i dei tilfelle **i** har slik lydverdi synest det likevel å vera systematisk fordeling mellom /y/ som produkt av w-omlyd og /y/ som produkt av i-omlyd. Den første av desse kategoriane vil då bli markert med **i** og den andre med **u** (jf. Sanness Johnsen 1968: 45 m/tilvisingar). Samanfall mellom w- og i-omlyds /y/ reknar ein med har skjedd kring år 1000 (Seip 1955: 47). Namnet *Gyríðr* må vera avleidd av **Gup(f)riþr* (Modeer 1964: 26). Om det var dette namnet vi hadde å gjera med i innskrifta her, skulle vi helst ha venta anten **u** eller **y** for vokalen i første staving.

Noko uvisst synest det såleis å vera mest rimeleg å lesa innskrifta som *Geirríðr á -`Geirrid eig'*, jamvel om det også finst belagt eit mannsnamn *Kærer* (Lundgren-Brate 1915: 158). Namnet er likevel berre belagt i svært seine belegg, 1400-1500-talet, frå austnordisk område. Det synest difor ikkje å vera grunnlag for å dra det seriøst inn i diskusjonen her.